

Torill Myrtveit

14.05.14

Hellandsneset 84

5636 Manger

Radøy kommune

V/ Kjersti Flatråker

Kommentar til Trafikksikringsplan i Radøy kommune 2014-2020

I samband med FAU-møte på Manger barneskule 24.04.14 mottok me eit utkast til Trafikksikringsplan for Radøy kommune. Det er med glede me ser at Hellandskrysset er nemnd, for det er eit kryss som me tenkjer på til dagen.

Kvar dag må ungane kryssa vegen i eit veldig uoversiktleg 4 vegskryss, midt på ein bakketopp med privat utkjøring midt i krysset. Det kjem susande bilar frå alle kantar. Bilane som kjem frå Manger stoppar sjeldan for vegen i Hellandsneset. Kanskje er det mange som ikkje ser vegen grunna manglande sikt.

Dei som kjem køyrande frå Sletta heldt ofte høg jamn fart og ser ikkje dei frå Sætre før ei er midt i krysset, altså midt på bakketoppen. Mange som kjem frå Sletta trur og dei er på forkjørsveg. For dei skuleelevarne som går på Hordabø skule og Austrheim Vidaregåande er det av-og-påstigning midt i krysset. Dette gjeld også for bussrutene som kjem frå Manger. Då står barna inntil den høge muren og skal kryssa vegen med bilar i frå alle kantar.

Dei som kjem køyrande frå Sætre til Manger har forkjørsrett, men bilane frå Sletta ser ikkje dei frå Sætre, før dei er midt i krysset. Det er og av-og-påstigning ved busskuret som står midt i krysset. Bilistane frå Sletta må over bakketoppen for å sjå dei personane som kryssar vegen.

Frå hausten av er det omlag 17 barn som går i 1-10 klasse, 13 stk. i barnehagealder og 7 stk. på vidaregåande. Om ein hadde utbetra krysset på Helland kunne ein avlasta trafikken utanfor barneskulen på Manger. Mange køyrer barna til skulen i staden for å sleppa dei i Hellandskrysset.

Me har ikkje tenkt å kommentera punkta i prioriteringslista i utkast til trafikksikringsplanen. Men me håpar de ser at Hellandskrysset er eit kryss som er direkte trafikkfarleg! Det fortener at ein lagar ein reguleringsplan. Forhåpentlegvis før det skjer ei alvorleg ulykke.

Hellandskrysset har vore ei utfordring i mange år. Hugsar då me sjølv var ungar, då dei vaksne på Helland klaga ned fartsgrensa frå 80 til 50. Det har ikkje komme fleire forbetingar i krysset etter det, kanskje grunna mangel på pengar eller mangel på gode løysingar. Trafikken gjennom krysset har vore aukande for kvart år. Me stiller og spørsmål med at kommunen godkjente einebustad med næringsdel i Hellandsneset, utan å krevja utbetring av krysset. (sak nr. 307/10). Dette kan medfører betydeleg auke i trafikken i eit allereie overbelasta kryss. Om ein ser på andre liknande saker i kommunen har det vore trafikkutbetring i forkant av etablering av ny næring.

Forslag til forbetring:

Lavare fart. Fjerning av element som hindrar sikt. Flytting av busskur.

Me inviterer til synfaring med kaffi og bollar når de skal ta tak i denne saka.

På vegne av foreldre og besteforeldre på Helland.

Torill Myrtveit og Jannicke Helland

Torill Myrtveit
Jannicke Helland